

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3380

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
54/2014	Formannskapet	PS	27.08.2014

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Formannskapet - 54/2014

#### FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Sigmund Larsen:

- Mail frå Lilleskare ang. Vikebø-saka - er påstander i skrivet rett?
- Ureiing i Rosslandsvågen i sommar - korleis vart dette handtert?
- Bekymringsmelding ang. ulukke på sjukeheim der ein pasient vart skadd. Uroa over handteringa av dette. Må få plass kvalitets- og oppfølgingssystem.

Adminstrasjonen vil sjå på dette og kome med tilbakemelding.

Ordførar:

- Positivt at kommunen er ute av Robek-registeret.
- Rapport frå NHO nasjonal rangering. Meland ligg på topp i fylket, beste kommune i Nordhordland og på 28. plass på landsbasis.
- Sak Nordhordlandspakken skal handsamast 9. og 10. desember. I Samferdselsutvalet skal saka opp 22. oktober.  
Ekstramøte i kommunestyret 15. oktober.

- Møte med fylkesmannen og Kystverket 18. juni - tema seilingsleia til Berge.  
Konklusjon invitere aktørane til kommunestyremøtet 10. september for informasjon om status prosjektet.
- Kommunestrukturprosessen - spørsmål frå staten er kor hurtig ønskjer ein å gå fram.  
Kjem tilbake med sak i kommunestyret.
- Ordførar har delt ut miljøfyrtårnpris til Byggrensjøring AS.
- Frekhaug senter går ikkje i rett retning. Butikkar er lagt ned og senteret manglar off. toalett.  
Vil ta initiativ til eit dialogmøte med senterforeninga i løpet av hausten.
- Minnar om folkemøte om kommuneplan 2014-2016 som skal haldast i alle krinsane framover.

Marit Jøssang:

- Etter nytt sak/arkivsystem så er det berre siste møte som ligg på nettsida til kommunen.  
Ønskjer møtebøker frå tidlegare møte tilgjengelege.
- Etter at Rema flytta er det ikkje offentleg toalett i senteret.
- Krysset i Mjåtveitmarka deler sykkelstien. Halve vegen er stengt.  
Det vart opplyst at tekn.etat arbeider med saka.

**FS - vedtak:**

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

, den 18.08.2014

Randi Helene Hilland  
konsulent